

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Guleu, Hornindal, Hyllestad, Jolster, Naustdal, Solund og Stryn

## **I** Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune  
Møtedato: 01.02.2012  
Møtefid: 09.00  
Stad: Møterommet  
Møtenr.: 1/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen (sak 003 og 004/12), KRYSS-revisjon (sak 004/12).

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57 82 22 90 eller 976 15 363, eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)

### SAKLISTE

- 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 002/12 Skriv og meldingar.
- 003/12 Orientering ferievikarordninga på Gaular bygde- og sjukeheim.
- 004/12 Revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55 + tiltak 8».
- 005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
- 006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.
- 007/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gaular.
- 008/12 Eventuelt.

Sande i Sunnfjord 24.01.2012

Magnar Hellebust (s)  
Leiar

  
Asgeir Tveit  
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 23.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 01-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 06.01.2012.

SM 02-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2011, datert 06.01.2012.

SM 03-12: Rapport for året 2011 frå Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune.

SM 04-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om attendebetaling avrekna revisjonshonorar 2010, datert 24.11.2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 01-12



Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
terje.forde@kryssrevisjon.no  
postmottak@kryssrevisjon.no  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Gaular kommune  
v/Rådmannen  
6973 Sande i Sfj.

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:  
\\misleghaldtilsyn12/tf12 216 02 / 2012 6. januar 2012

**RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHALD, M.V. :**

I følgje gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Gaular kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen.
- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:

- *kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
- *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og*
- *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Førde, den 6. januar 2012  
Med helsing

Terje Førde  
Dagleg leiar/Revisjonssjef  
(sign.)

*Kari H. Sygna*  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I



Kopi: Kontrollutvalet  
Ordføreren

Gaular kommune  
v/ rådmann

6973 Sande

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\årsavslutning 2011/tf11	216	003 / 2012	6. januar 2012

## AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2011

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2011, og i den samanheng vil revisjonen alt no minne om at årsrekneskapen for år 2011 skal avleggast og oversendast til kommunerevisjonen innan den frist som er sett i forskriftene § 10, dvs. innan den 15.02.12.

Vi ber om at årsrekneskapen vert oversendt KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. I samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen, ønskjer vi å innhente ein eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga *fullstendighetserklæring*, der det vert bekrefta at rekneskapen er endeleg avlagt, at den er fullstendig og avstemt, og at den ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi legg ved ein eksempelmal på ei slik erklæring.

Revisjonen vil legge mottaksdato til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til kontrollutvalet, og vidare handsaming til formannskapet og kommunestyret.

Som kjent er *Bokføringslova* gjort gjeldande for kommunane frå 01.01.2011. Revisjonen gjer særskilt merksam på § 11, som omhandlar dokumentasjon av balansen.

Etter økonomi bestemmelsane er periodiseringsfristen 31.12, og vi minner om at det er anordningsprinsippet som er gjeldande. Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftskrav for levering av årsmelding/årsrapport er seinast innan den 31. mars 2012.

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av rekneskapsansvarleg og administrasjonssjefen (rådmannen), og oppdragsansvarleg revisor skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsberetning.

Revisor skal stile si revisjonsberetning til kommunestyret v/ordføraren, med kopi til kontrollutvalet, formannskapet og administrasjonssjefen.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapen, som ein i samråd med revisor vel å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogeleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar, når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet, no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* den 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga, som er 15.02.2012 og fristen for årsmeldinga som er 31.03.2011.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2011, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2011.

Førde den 6. januar 2012

Med helsing

Terje Førde  
Revisjonssjef  
(sign.)

*Kari Håheim Sygna*  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I  
**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**Vedlegg:**

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2011

Kopi til: Ordførar  
Kontrollutvalet  
Leiar rekneskap/skatt



VedleggEksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2011

Til

KRYSS Revisjon

Postboks 487

6802 FØRDE

**FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING VEDK. .... KOMMUNE SIN  
ÅRSREKNESKAP FOR 2011**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2011.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2011 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntruffe hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som framgår av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheiter eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutiner og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påvirka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultatata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

---

---

---

---

**(Stad, dato)**

**(Administrasjonssjef/Rådmann) (Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)**



Rapport for året 2011

**Skatteoppkrevjaren i Gaular  
kommune**

1.	Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd.....	3
1.1.	Skatteoppkrevjarkontoret .....	3
1.1.1.	Ressursar.....	3
1.1.2.	Organisering.....	3
1.1.3.	Ressursar og kompetanse .....	3
1.2.	Internkontroll.....	3
1.3.	Vurdering av skatteinngangen .....	4
1.3.1.	Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2011 .....	4
1.3.2.	Kommunen sin del av skatteinngangen i 2010:.....	4
1.4.	Skatteutval .....	5
2.	Skatteregnskapet .....	5
2.1.	Avlegging av skatteregnskapet .....	5
2.2.	Margin.....	5
2.2.1.	Marginoppjøret for 2010.....	5
3.	Innkrevjing av krav .....	6
3.1.	Restanseutviklinga.....	6
3.1.1.	Totalt restansar per 31.12.2011 for skatt og arbeidsgivaravgift .....	6
3.1.2.	Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar .....	7
3.1.3.	Restansar eldre år.....	7
3.1.4.	Kommentar om restanseoppfylginga på eldre år .....	7
3.2.	Innkrevjinga sin effektivitet.....	7
3.2.1.	Vurdering av kontorets resultat per 30.06.2011.....	7
3.2.2.	Vurdering av i kva grad, og korleis aktiviteten for innkrevjinga har påverka resultatet for innkrevjinga .....	8
3.2.3.	Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4.	Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga .....	8
3.3.	Særnamnskompetanse.....	8
4.	Arbeidsgjevarkontroll .....	8
4.1.	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen .....	8
4.2.	Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	8
4.3.	Tal kontrollar med resultat, avdekkte beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar: ..	8
4.4.	Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret .....	8
4.5.	Omtale av samarbeidet med andre kontrollaktørar.....	9
4.6.	Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen.....	9

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd

### 1.1. Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

##### Ressursfordeling

	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i regnskapsåret	1	100 %
<b>Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk</b>	-----	-----
Skatteregnskap	0,25	25%
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	0,45	45%
Kontrollverksemd	0,15	15%
Informasjon og veileiing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0	0%
Skatteutval	0	0%
Administrasjon	0,15	15%
<b>(Del fordelt skal være 100 %)</b>	<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

#### 1.1.2 Organisering

Skatteavdelinga er ansvarlig for innkrevjing av skatt for Førde, Naustdal og Gaular, med felles skatteoppkrevjar. Vi er 6 tilsette som arbeider på skatteområdet. Inklusiv den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen har vi i 2011 disponert 5,35 årsverk fordelt på dei tre kommunane. I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen deltar også Jølster, med 15% av ei heil stilling, slik at vi då har 5,5 stillingar totalt på kontoret.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, slik at oppgåvene som omfattar instruksen kan utførast på en forsvarleg, hensiktsmessig og rasjonell måte.

Vi har faglig dyktige medarbeidarar på alle områder. Dei som arbeider på skatteavdelinga, har lang erfaring innafor de forskjellige områda regnskap, innkrevjing, avrekning samt arbeidsgjevarkontroll. Vi deltar på relevante kurs og samlingar som er viktig for og halde oss oppdatert i høve regelverk for det arbeidet vi utfører.

## 1.2 Internkontroll

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll. Formålet med den interne kontrollen er at:

- oppgåveløysinga er organisert på ein forsvarleg måte, og utførast i samsvar med gjeldane lover og regler.
- resultata er tilfredsstillande i forhold til å fastsette mål og resultatkrav, og at eventuelle vesentlege avvik førebyggjast, avdekkast og korrigerast.
- ressursbruken er effektiv
- rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig
- Misleghald og økonomisk kriminalitet førebyggjast og avdekkast.

Skatteoppkrevjaren skal som ein del av intern kontrollen utarbeide verksemdsplan og rutinar for verksemda.

Det vart utarbeidd nye rutinar og oversikt over arbeidsoppgåvene på skatteavdelinga i 2009. I den forbindelse endra vi fordelinga av arbeidsoppgåvene. Endring av rutinar og arbeidsoppgåver er ein kontinuerleg prosess, og skal ein kvar tid vere oppdatert for å tilfredsstille krava. Rutinane beskriv korleis dei daglege oppgåvene skal utførast, og saman med oversikt over oppgåvedeling på kvar enkelt medarbeidar, sikrar denne at oppgåvene vert utført ved avvikling av ferie, samt anna fråvær.

### 1.3. Vurdering av skatteinngangen

#### 1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2011

	2011	2010
Likvider	16 938 943	16 763 597
Skyldig skattekreditorane	-867 409	-1 330 950
Skyldig andre	-367 595	-33 518
Innestående margin	-15 703 937	-15 399 126
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgivaravgift	-36 573 258	-37 367 982
Personlige skatteytarar	-170 108 747	-169 358 348
Selskapsskatt	-5 444 778	-7 724 785
Renter	-91 771	129 234
Inn fordring	-11 304	-2 532
<b>Sum</b>	<b>-212 229 858</b>	<b>-214 324 412</b>
Fordelt til Folketrygda - arbeidsgivaravgift	36 573 258	37 367 982
Fordelt til Folketrygda - medlemsavgift	48 681 581	47 948 135
Fordelt til Fylkeskommunen	10 398 383	10 639 921
Fordelt til kommunen	49 490 721	54 270 405
Fordelt til Staten	67 085 915	64 097 970
Krav som er ufordelt	0	-1
<b>Sum</b>	<b>212 229 858</b>	<b>214 324 412</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Regnskapet viser at skatteavdelinga har kravd inn kr. 212.229.858,- i 2011, mot kr. 214.324.412,- i 2010. Ein nedgang på kr. 2 094 554,-

#### 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i 2010:

Kommunen sin del av skatteinngangen for 2011 er som regnskapet viser kr. 49 490 721,- mot kr. 54 270 405,- i 2010 Ein nedgang på kr. 4 779 684,-

#### 1.4. Skatteutval

Det har vore ei sak i skatteutvalet i 2011, der kravet vart fasthalde.

## 2. Skatteregnskapet

### 2.1. Avlegging av skatteregnskapet

#### Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune bekreftar at skatteregnskapet i 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatteregnskapet frå regional kontrollering for Gaular.

Årsrekneskapen for 2011 fylgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

### 2.2 Margin

#### 2.2.1 Marginoppgjøret for 2010

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2010, pr. 31.10.2011	0
For mye avsett margin for inntektsår 2010	
For lite avsett margin for inntektsår 2010	2 179 190

#### 2.2.2 Kommentar om marginoppgjøret:

Marginoppgjøret for 2010, syner at det var kr. 2 179 190,- for lite avsett margin.  
Procentsats for marginavsetning: 10%

Marginavsetning for regnskapsåret 2011 pr. 31.12.2011 kr. 12 188 759,-  
Procentsats for regnskapsåret: 10%

### 3. Innkrevjing av krav

#### 3.1. Restanseutviklinga

##### 3.1.1 Totale restansar per 31.12.2011 for skatt og arbeidsgivaravgift

Skatteart	Restanse	Herav berostilt restanse	Restanse	Herav berostilt restanse	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
	31.12.2011	31.12.2011	31.12.2010	31.12.2010	Reduksjon (-)	Reduksjon (-)
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	4 850 760	690 194	3 227 266	690 194	1 623 494	0
Arbeidsgiveravgift	450 282	0	145 240	0	305 042	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	457 142	223 897	631 185	223 897	-174 043	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	753 886	250 500	684 481	250 500	69 405	0
Forskuddstrekk	735 704	0	55 518	0	680 186	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	38 301	2 947	57 720	2 947	-19419	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	400	0	37 194	0	-36 794	0
Restskatt person	2 415 045	212 850	1 615 928	212 850	799 117	0
<b>Sum restanse diverse krav</b>	4 850 760	690 194	3 227 266	690 194	1 623 494	0
Diverse krav	0	0	0	0		
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>	4 850 760	690 194	3 227 266	690 194	1 623 494	0



### 3.1.2 Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det har er ein auke i restansane med kr. 1 623 494,- i 2011 Den største auken kjem av restskatt person, med kr. 799 117,- Vidare er der ein stor auke i restanse på arbeidsgjevaravgift med kr. 305 042,- og forskotstrekk kr. 680 186,- Restanse forskotstrekk er relatert til konkursbu, og er betalt inn i Januar 2012 For arbeidsgjevaravgift er alle fordringar i konkursbu. Dersom det ikkje vert utlodning i buet, vert desse restansane utgiftsfør når bubehandlinga er avslutta, og selskapa er sletta i Brønnøysundregistrene. Det er utgiftsført kr. 3 746,- i forelda restansar i 2011

### 3.1.3 Restansar eldre år

År*	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2009	131 887	121 804
2008	216 424	127 751
2007	193 180	179 818
2006-19XX	1 368 490	-----

### 3.1.4 Kommentar om restanseoppfølginga på eldre år

Restansar eldre år inngår i ordinær innkrevjing, og vert sikra mot forelding. Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12.2011 og vurdert kva for krav som kan sikrast for å unngå å bli forelda utan at det er sett i verk tiltak. Der var tre krav på til saman kr. 1 368,- som var forelda 31.12.2011 Dette er krav som vert søkt utgiftsført i 2012.

## 3.2. Innkrevjinga sin effektivitet

### 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat per 30.06.2011

Resultat målt mot krav i styringsdialogen gjeldande innbetaling og innkrevjing pr 30.06.2011

Styringsparameter	Resultat pr. 30.06.11	Resultat-krav
6.1 Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år, fordelt på skatte-/avgiftsart		
b) Restskatt for personlige skattyttarar (2009)	97,2 %	91,0 %
c) Forskotstrekk (2010)	100 %	100 %
d) Forskot for personlige skattyttarar (2010)	99,2%	99,0 %
g) Arbeidsgjevaravgift (2010)	100 %	99,7 %
6.2 b) Innkravd restskatt av sum krav til innkrevjing siste år (inntektsåret 2009)	76,5 %	57 %

Krav til innkrevjing er nådd med god margin.

### **3.2.2 Vurdering av i kva grad, og korleis aktiviteten for innkrevjinga har påverka resultatet for innkrevjinga**

Kontoret brukar alle tiltak for og krevje inn, og å få reduksjon i restansane. Sjølv om resultatet er nådd, må vi ha stort fokus på innkrevjinga. Det er totalt betalt inn 97,75% av utlikna skatt for 2009 pr. 31.12.2011, og dette er gode resultat. Gaular har berre ein skattytar som er skjønnslikna i for likninga 2009, og også dette er fullt innbetalt. Dette er litt av årsakene til det gode resultatet.

### **3.2.3 Omtale av spesielle forhold**

Der er ikkje spesielle forhold som har påverka innkrevjinga.

### **3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga**

I 2009 innførte vi DTI (debitortilpassa innkrevjing). Dette betyr at skattytarar vert rangert etter tilgjengelege opplysningar, og historikk. Innkrevjinga vert tilpassa den enkelte etter kva slags kategori ein kjem under. Dette har medført at vi har fått redusert talet på betalingsavtaler. På sikt skal dette gje betre resultat og meir tid til innkrevjing og hjelp til skattytarar med stram økonomi, eller personar i kategorien vanskelegstilte.

### **3.3. Særnamnskompetanse**

Skatteoppkrevjaren nyttar seg av særnamnskompetansen og det er forsøkt halde 6 utlegg i 2011.

## **4. Arbeidsgjevarkontroll**

### **4.1. Organisering av arbeidsgjevarkontrollen**

Arbeidsgjevarkontrollen er ein del av et interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal, Gaular og Jølster. Der er tilsett ein person i 100% stilling. Førde skal inneha 55% av stillinga og dei andre kommunane 15% kvar. Førde kommune er vertskommune for den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen.

### **4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar**

Det er utført rekneskapskontroll i to bedrifter i Gaular i 2011 Dette tilsvara 1,8% av leverandørane av LTO i 2011. Kravet er 5%.

### **4.3 Tal kontroller med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:**

For Gaular kommune er det i eitt tilfelle avdekka til saman kr. 158 124,- i grunnlag for arbeidsgjevaravgift, som ikkje er oppgitt til skattemyndigheitene. Det er sendt rapport til Skatt Vest om forholdet, som har gjort vedtak på dette.

### **4.4 Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret**

Arbeidsgjevarkontrollen i Gaular har vore litt lågare enn forventa. Sjølv om det ikkje gjev resultat i kontrollsamheng, har rekneskapskontrolløre brukt mykje tid på å hente inn lønns og trekkoppgåve i tre konkursbu i Gaular i 2011. Dette er arbeid som vi ikkje skriv rapportar på, men som likevel er nødvendig arbeid. I tillegg til dette er der ein på begynt kontroll i 2011, som ein ikkje rakk å bli ferdig med. Dette vil betre resultatet i 2012 Statistisk ligg Gaular

omtrent som forventa i fordeling av kontrollar i ordninga med interkommunal arbeidsgjevarkontroll.

Ei 15% stilling er ikkje nok til å oppnå kravet til kontrollar. Skulle ein nå kravet må ein samla sett i auke-ressursane med ei stilling i det interkommunale samarbeidet.

#### **4.5 Omtale av samarbeidet med andre kontrollaktørar**

Det er ikkje halde felleskontrollar med andre kontrollaktørar i 2011, men ved behov for informasjon, vert dette innhenta frå skattekontoret.

#### **4.6 Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen**


Skatteoppkrevjaren fekk i 2009 pålegg frå Regional kontrollering/Skatt Vest, om å syte for at kravet om å utføre kontrollar hos 5% av leverandørane av løns- og trekkoppgåver i kommunen, samt 5% av leverte løns- og trekkoppgåver vert oppnådd. Dette tilseier at det skal utørast 5-6 kontrollar i året.

Når det gjeld planlegging av kontrollverksemda for 2012, tar vi sikte på å nå målet så godt det lar seg gjere ut frå dei ressursane vi har til rådvelde. Gaular kommune har gjennom deltaking i interkommunal arbeidsgjevarkontroll ei 15% stilling. Erfarings messig vil ein kontrollør utføre 20-25 kontrollar i løpet av et år. Dersom kontrolløren utfører 20 kontrollar i løpet av et år, tilseier dette at han skal utføre 3 kontrollar i Gaular kommune. Dette tilsvare ca. 2,5% av arbeidsgjevarane i Gaular, og er halvparten av kravet. Gaular kommune har 111 leverandørar av løns- og trekkoppgåve i 2011.

Skatteoppkrevjaren skal jf. Skatteoppkrevjarinstruksen sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar. Viss ressursituasjonen er utilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholdet takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

I svarbrev datert 26.01.2010 til Skatt Vest var det stipulert at rekneskapskontrollør ville greie ca. 26 kontrollar i 2010. Pr. 31.12.2011 har interkommunal rekneskapskontrollør utført 23 kontrollar, og 2 av desse kontrollane er utført i Gaular. Vi vil ta sikte på å auke aktiviteten i Gaular i forhold til dei andre kommunane i 2012 for å betre resultatet.

Sted/dato: Førde 20.01.2012



**Evert Are Havn**

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2011. Signert av skatteoppkrevjaren.

## Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr: '1430', År: '2011', Hovedbokstype: 'k'

	Valgt år	Førrige år
Likvider	16 938 943	16 763 597
Skyldig skattekreditorene	-867 409	-1 330 950
Skyldig andre	-367 595	-33 518
Innesfående margin	-15 703 937	-15 399 126
Utdisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-36 573 258	-37 367 982
Personlige skatteyttere	-170 108 747	-169 358 348
Selskapsskatt	-5 444 778	-7 724 785
Renter	-91 771	129 234
Innførdring	-11 304	-2 532
<b>Sum</b>	<b>-212 229 858</b>	<b>-214 324 412</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	36 573 258	37 367 982
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	48 681 581	47 948 135
Fordelt til Fylkeskommunen	10 398 383	10 639 921
Fordelt til kommunen	49 490 721	54 270 405
Fordelt til Staten	67 085 915	64 097 970
Krav som er ufordelt	0	-1
<b>Sum</b>	<b>212 229 858</b>	<b>214 324 412</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

*FØRDE 20.01.2012*

SKATTEOPPREVNEREN I  
FØRDE NÅ SIDA GÅLLAR

*Carsten Høy*

Gaular kommune  
v/Rådmannen

6973 Sande i Sfj.

Kopi: Ordfører  
Økonomiansvarleg  
Kontrollutvalet

Dykkar ref.: Samarbeidsavtale	Vår ref.: Tilbakehonorar2010/tf11	Arkivkode: 210&14	Journalnr.: 120 / 2011	Dokumentdato: 24. november 2011
-------------------------------	-----------------------------------	-------------------	------------------------	---------------------------------

### ATTENDEBETALING AVREKNA REVISJONSHONORAR 2010

Det vert vist til tidlegare oversendt årsrekneskap og årsrapport for KRYSS Revisjon si drift for 2010. Vi viser også til samarbeidsavtalen og gjeldande vedtekter for vårt virke.

Samstyret har gjort vedtak om at eit samla beløp på kr. 323.755,20 skal attendebetalast til eigar-/deltakarkommunane. Dett er i tråd med *note 13* vedlagt vår årsrekneskap for 2010. Våre tenester overfor eigarane er under politisk styring og kontroll, og skjer 'non-profit-basert' og er årleg budsjettkopl, og overskott vert meddette attendebetalt til eigarkommunane.


For Gaular kommune sin del utgjer tilgodebeløpet **kr. 17.445,43.**

Beløpet vert attendebetalt til Gaular kommune ved overføring av beløpet til Dykkar konto; bankkonto nr. 3760.07.00279.

Er det spørsmål til ovannemnde må De gjerne tak kontakt med underteikna.

Vi takkar for samarbeidet som har vore og håper De er tilfreds med våre tenester. Vis er fram til eit fortsatt konstruktivt og godt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester overfor Dykkar verksemd.

Førde den 24. november 2011  
for KRYSS Revisjon  
Trygve Jacobsen,  
Styreleiar  
(sign.)



**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD  
Terje Førde  
Dagleg leiar/Revisjonssjef

## 003/12 ORIENTERING – FERIEVIKARORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	003/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

- E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – ”Sak for kontrollutvalet”, datert 17. juni 2011.
- Brev til Gaular kommune om orientering ferievikarordning ved Gaular bygde- og sjukeheim, datert 25.10.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalsak 029/11 Orientering – Ferievikarordning ved Gaular bygde- og sjukeheim.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – FERIEVIKAR ORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering frå rådmann vedrørande ferievikarordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalet mottok E-post den 17. juni 2011 frå Joar Kirketeig – ”Sak for kontrollutvalet”

Kirketeig ber i e-posten kontrollutvalet sjå på utbetaling av ekstrabonus til ferievikarane ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

E-posten vart lagt fram som meldingssak i kontrollutvalsmøte 25.10.2011. Kontrollutvalet løfta skrivet opp som sak, og i sak 029/11 gjorde kontrollutvalet vedtak om å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim. Brev om innkalling til kontrollutvalsmøte vart sendt rådmannen 25.10.2011.

Rådmannen møter for å orientere.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Vidare saksgang vil vere avhengig av opplysningane som kjem fram i møtet. Saka er derfor lagt fram utan tilråding.

SM 19-11

## Tveit Asgeir

---

Fra: Joar Kirketeig [jkirket@online.no]  
Sendt: 17. juni 2011 15:47  
Til: Tveit Asgeir  
Emne: sak for kontrollutvalet

Eg har ei sak som eg undrar meg litt på. Det er den ordninga som blir praktisert på Gaular Bygde og sjukeheim for ferievikarar.  
Slik eg forstår det blir det utbetalt ein ekstra bonus til ferievikarane på kr 5000,-.  
Finst det noko grunningjeving for dette?, det kan vel ikkje vere så store problem å få tak i ferievikarar, samstundes som dette må vere frykteleg demotiverande for dei andre fast tilsette.  
 Dette må då etter mi meining vere ein heilt unødvendig utgiftspost som eg kanskje synest at kontrollutvalet bør sjå nermare på.

Mvh  
Joar Kirketeig

varamedlem til kontrollutvalet i Gaular kommune



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommune

6873 SANDE I SUNNFJORD

Førde, 25.10.11

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 431/11

Arkiv: Gaular

## ORIENTERING – FERIEVIKAR ORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM

Kontrollutvalet i Gaular heldt møte 25.10.11. Under møtet, sak 029/11 "Orientering – ferievikar ordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim" gjorde kontrollutvalet fylgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om ferievikarordninga på Gaular Bygde og Sjukeheim på neste kontrollutvalsmøte.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering (30 – 45 min.) om ferievikarordninga ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Tidspunkt for neste møte i kontrollutvalet i Gaular er ikkje fastsett, men vert truleg helde i siste del av januar 2012.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

**004/12 REVISJONSRAPPORT ETTERLEVING KOMMUNESTYREVEDTAK 24/09  
LIVSFASEPLAN SENIORFASE 55+ TILTAK 8**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8».

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon og tilrådingar i revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8», datert 11.11.2011;  
Konklusjon:

*Gaular kommunestyre har i sak 24/09 den 26.06.09 gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Ordninga gjaldt frå 01.08.2009 – 24.06.2010.*

*Det er konstatert at det er/var tilsette i Gaular kommune som faktisk og reelt kom inn under ordninga, som ikkje har fått godtgjort i tråd med vedtak i kommunestyret. Det er konstatert at tilsette som har teke opp forholdet med kommunen, har fått avslag på søknad om kontanttilskot i hht vedteken plan. Avslag er av administrasjonen begrunna med økonomiske årsaker og manglande budsjettløyvingar.*

*Det er konstatert at administrasjonen ikkje har følgd forvaltningslova §11 a når det gjeld å gje svar på skriftlege henvendingar innan dei fristar som lovverk og forskrift stiller krav om.*

Tilrådingar:

1. *Det er vår anbefaling at dersom kontrollutvalet skal vidareføre denne saka, så bør den fremjast overfor kommunestyret, som sjølv må ta stilling til om det som er gjort, er i tråd med dei føresetnader og intensjonar som kommunestyret sjølv la inn i saka for den perioden kontanttilskotet på kr. 10.000,- faktisk var gjeldande for dei 62 + åringane som stod i stillingane då ordninga var gjeldande, slik at ein får rydda opp i dette gjennom eit politisk vedtak slik eller slik.*
  2. *Det er også vår anbefaling at kommunen får kvalitetssikra sakshandsamingsrutiane sine slik at kommunen gjev skriftleg svar på skriftlege henvendingar i tråd med forvaltningslova § 11a.*
2. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret som sjølv bør ta stilling til saka. Dette i samsvar med Kryss-revisjon si tilråding.

**KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**  
Saksutgreiing

**REVISJONSRAPPORT ETTERLEVING KOMMUNESTYREVEDTAK 24/09**  
**LIVSFASEPLAN SENIORFASE 55+ TILTAK 8**  
Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret om revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8»

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Kontrollutvalet 19.03.2011 brev frå involverte om at det ikkje var betalt ut løn i samsvar med kommunestyrevedtak 024/09 Livsfasepla Seniorfase 55+, tiltak 8 vedteken i Gaular kommunestyre 26.06.2009 med verknad frå 01.08.2009.

Kommunestyret har 26.06.2009 gjort vedtak om Livsfaseplan Seniorfase 55+. Under pkt. 8 går følgjande fram: *"Kontant utbetaling for tilsette over 62 år med kr. 10.000,- pr. år/Alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Dei får høve til å ta ut ferien i enkeltdagar eller samla og når som helst etter samråding med næraste leiar. Tilsette som ønskjer ordninga med ekstra ferieveke, får ikkje høve til å overføre ferieavvikling til nytt år."*

Første setning, i kursiv, vart endra i sak 020/10 den 24.06.10 til å lyde som følgjer: *"Tilsette kan frå 62 år få tilbod om ei ekstra ferieveke kvart år"*.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 14/11 Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk: *Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon føreta ei undersøking for å vurdere om vedtak i kommunestyresak 24/09 Livsfaseplan Seniorfase 55+ tiltak 8 er etterlevd.*

Tinging av undersøkinga vart sendt KRYSS-revisjon 06.04.11.

Rapport for undersøkinga er levert 11.11.11.

KRYSS-revisjon har følgjande konklusjon i rapporten:

*Gaular kommunestyre har i sak 24/09 den 26.06.09 gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Ordninga gjaldt frå 01.08.2009 – 24.06.2010.*

*Det er konstatert at det er/var tilsette i Gaular kommune som faktisk og reelt kom inn under ordninga, som ikkje har fått godtgjort i tråd med vedtak i kommunestyret. Det er konstatert at tilsette som har teke opp forholdet med kommunen, har fått avslag på søknad om kontanttilskot i hht vedteken plan. Avslag er av administrasjonen begrunna med økonomiske årsaker og manglande budsjettløyvingar.*

*Det er konstatert at administrasjonen ikkje har følgd forvaltningslova §11 a når det gjeld å gje svar på skriftlege henvendingar innan dei fristar som lovverk og forskrift stiller krav om.*

KRYSS-revisjon har følgjande tilrådingar i rapporten:

- 1. Det er vår anbefaling at dersom kontrollutvalet skal vidareføre denne saka, så bør den fremjast overfor kommunestyret, som sjølv må ta stilling til om det som er gjort, er i tråd med dei føresetnader og intensjonar som kommunestyret sjølv la inn i saka for den perioden kontanttilskotet på kr. 10.000,- faktisk var gjeldande for dei 62 + åringane som stod i stillingane då ordninga var gjeldande, slik at ein får rydda opp i dette gjennom eit politisk vedtak slik eller slik.*
- 2. Det er også vår anbefaling at kommunen får kvalitetssikra sakshandsamingsrutiane sine slik at kommunen gjev skriftleg svar på skriftlege henvendingar i tråd med forvaltningslova § 11a.*

#### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet vurderer det slik at KRYSS-revisjon tilrår kontrollutvalet å sende saka til kommunestyret for å gjere endeleg vedtak om korleis ein skal tolke vedtak 24/09. Med ei slik oppmoding skriv ikkje kontrollutvalet konkret tilråding i høve til om vedtak er følgd eller ikkje følgd.

Det er opplyst tidlegare i saka at partane vil bli orientere om kontrollutvalet si handtering av saka.

Utan vedlegg vurderer sekretariatet at brev av 06.04.2011 «Tinging undersøking Gaular kommune» ikkje er unntekte offentlegheit.

Gaular kommune  
Kontrollutvalet  
v/SEKOM-Sekretariat  
Postboks 338  
6802 FØRDE

Kopi: Rådmann  
Ordfører

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
Tingingsdokument 06.04.11	<u>\\Gaular\forvaltning\revrapport</u> 241011\endleg rapport 111111	216	35 / 2011	11. november 2011

## ENDELEG REVISJONSRAPPORT

### “Etterleving Kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8“

Tingingsdokument frå Kontrollutvalet i Gaular, d. 06.04.2011

#### Konklusjon:

Gaular Kommunestyre har i sak 24/09 den 26.06.09 gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; - alternativt kan ein få tilbud om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Ordninga gjalt frå 01.08.2009 til 24.06.2010.

Det er konstatert at det er/var tilsette i Gaular kommune som faktisk og reelt kom inn under ordninga, som ikkje har fått godtgjort i tråd med vedtak i kommunestyret. Det er konstatert at tilsette som har teke opp forholdet med kommunen, har fått avslag på søknad om kontantilskot i hht vedteken plan. Avslag er av administrasjonen begrunna med økonomiske årsaker og manglande budsjettløyvingar.

Det er konstatert at administrasjonen ikkje har følgd forvaltningslova § 11 a når det gjeld å gje svar på skriftlege henvendingar innan dei fristar som lovverk og forskrift stiller krav om.

- - - - - 0 - - - - -

Førebels rapport, d. 24.10.11, var oversendt til rådmannen pr. e-post 24/10-11 for uttale. Det ligg føre uttale til førebels rapport i e-post 9/11-11 frå rådmannen ved kontor og – personalsjefen. Denne er i si heilheit teke inn som **vedlegg nr. 1** til denne endelege rapport.

### 1. Innleiing

Kontrollutvalet i Gaular kommune har i brev av 19.03.11 blitt tilskrive frå ein tidlegare tilsett i Gaular kommune, vedkomande sak kring søknad om etterbetaling i samsvar med *livsfaseplan seniorfase 55+, tiltak 8*, vedteken av Gaular kommunestyre den 26.06.09, sak 24/09, med verknadstidspunkt frå 01.08.09. Vedkomande har sendt klager til kommunen, på avslag på søknaden.

Av henvendinga til kontrollutvalet går det fram at den tilsette tilfredsstillar formalitetane i høve den 'forskrift' som Gaular kommunestyre innførte ved sitt vedtak i nemnde sak. Av brevet går det også fram at vedkomande person har sendt fleire klageskriv til kommunen, utan at vedkomande har fått svar på desse frå kommunen si side.

Brevet som er sendt kontrollutvalet er ei oppfordring til kontrollutvalet å vurdere rådmannen sin lojalitet til lovleg fatta vedtak i kommunestyret, samstundes som vedkomande også ber om at klagen blir handsama.

### 2. Avgrensingar

Av bestillingsdokumentet overfor kommunerevisjonen, d. 06.04.11, frå kontrollutvalet i Gaular, v/SEKOM-sekretariat, går det fram at saka har vore til handsaming i kontrollutvalet i møte den 29.03.11, sak 014/11, og at det er gjort vedtak om at det skal gjennomførast ei undersøking for å vurdere om vedtaket i kommunestyresak 024/09, "*Livsfaseplan Seniorfase 55+, tiltak 8*" er etterlevd.

Kontrollutvalet ber om at KRYSS Revisjon vurderer om nemnde vedtak er etterlevd.

*Revisjonen vil presisere at kontrollutvalet og revisjonen ikkje er nokon klageorgan i kommunen, men at desse organa utelukkane er kommunestyret sine tilsyns- og kontrollorgan. Vi har i vårt arbeid ikkje teke stilling til innhaldet i klagesaka som er framført til kontrollutvalet i brev av 19.03.11 ein tidlegare tilsett, men vi har forholdt oss til bestillingsdokumentet i forhold til dei rutiner, prosedyrer og prosessar som administrasjonen skulle ha iverksett for å etterleve eit politisk lovleg fatta vedtak.*

*Revisjonen vil også presisere at vi i denne saka ikkje har gjennomført revisjonsarbeidet i tråd med revisjonsstandarden "RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon", som stiller krav om andre og meir omfattande prosedyrer enn kva vi har sett nødvendige av i vårt arbeid med denne saka.. Vi har søkt å undersøkje kva saka består seg i for å svare på tingsingsdokumentet, og vi har i den samanheng innhenta uttale frå rådmann og kontor- og personalsjef.*

### 3. Revisor sitt arbeid

Tingsingsdokumentet er innregistrert hos revisjonen den 11.04.11, og pga arbeidspress knytta bl.a. til årsoppgjera for driftsåret 2010, måtte denne saka utsettast i tid. Vi beklager at det har teke forholdsvis lang tid å få gjort unna arbeidet med denne saka.

Revisor har vore i kontakt med rådmannen og har også korrespondert med kontor- og personalsjefen i denne saka. Den første fristen vi sette overfor administrasjonen var 25.05.11, men denne vart endra/forlenga; bl.a. pga ønsker frå rådmannen. Mottekne dokument er tekne inn som vedlegg til rapporten. Revisor sitt arbeid er slutført i oktober 2011.

#### 4. Saksopplysningar – historikk, fakta

Gaular Kommunestyre har i sak 24/09, den 26.06.09, gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; - alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieuke gjennom året for tilsette frå 62 år. I *livsfaseplanen* var det såleis føresett at Gaular kommune skulle bruke midlar til påskjøning av tilsette over 62 år; med kr. 10.000,- pr. år, eller ei ekstra ferieuke. I prinsippet skal administrasjonssjefen/rådmannen effektuere dei vedtak som blir gjort på lovleg vis av dei folkevalde. I dette tilfelle er det Gaular Kommunestyre; dvs. det øverste myndighetsorgan i kommunen, som gjennom sitt vedtak har innført ei *forskrift* for kva lønsordning som skal vere gjeldande for tilsette over 62 år i Gaular kommune.

I saksutgreiinga til sak 020/10 i Gaular kommunestyre den 24.06.10, - med nemninga "*Budsjett 2010. Endringar*", går det fram at rådmannen har vurdert at *alternativet med kr. 10.000,- må etter rådmannen si vurdering gå ut pga kostnadane*. Dette vart vedteke 24.06.10.

I brev av 28.10.10 skriv rådmannen til Utdanningsforbundet i Gaular at (sitat)

"rådmannen meiner det vert feil dersom ein skal utbetale summen til dei som har sendt inn krav om utbetaling. Prinsipielt skal ei ordning gjeld for alle tilsette som er tilslutta ordninga, uavhengig om det i ettertid viser seg ein har sendt inn krav eller ikkje. 62+åringane hadde heller ikkje høve til å vere bevisste på å måtte søkje før vedtak om budsjettendring og at tiltaket kom til å falle bort. Det vil derfor vere urimeleg at "tilfeldigheiter" skulle avgjere om nokon mottok kr. 10.000,- medan andre ikkje." (sitat slutt).

Av rådmannen si saksutgreiinga overfor Gaular Kommunestyre i sak 024/09 den 26.06.09, går det fram at (sitat)

"*dei økonomiske føresetnadene for planen er nødvendige for å imøtekomme føresetnadane i planen. Dei økonomiske berekningane for desse viktige tiltaka, er vurdert svært nøkternt.*" (sitat slutt)

Gaular kommunestyret vedtok '*Plan for livsfasepolitikk i Gaular kommune*', slik den låg føre i sakspapira og i tråd med tilrådinga som låg føre frå Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet. Planen vart gjort *gjeldande frå 01.08.2009*, og ordninga med kontantutbetaling gjaldt i prinsippet frå denne dato og fram til ordninga blei oppheva/endra, dvs. 24.06.2010.

#### 5. Revisor sine vurderingar

Det er eit faktum at Gaular kommunestyre frå 01.08.2009 innførte særbestemmelsar om korleis tilsette over 62 år skulle handsamast lønsmessig. Dette vart gjort ved at Gaular kommunestyre etablerte '*Plan for livsfasepolitikk i Gaular kommune*' frå 1/8-09 gjennom sitt vedtak 26.06.09. Dette regelverket skulle handhevast av administrasjonen fram til det vart endra/fjerna gjennom nytt kommunestyrevedtak den 24.06.2010.

I den saka som blei førelagt kommunestyret den 26.06.09 er det frå rådmannen si side påpeika at dei økonomiske konsekvensane ved å innføre planen for livsfasepolitikk er gjennomarbeidde og nøkterne. Dette stemmer lite med det rådmannen sjølv skriv eit år seinare, til sak 24.06.10, der anbefalinga er å ta bort ordninga med kr. 10.000,-. Ved gjennomgang av møteprotokollane for Gaular kommunestyre i 2009 og inn i 2010, kan vi ikkje sjå at det er lagt fram særskild sak som set fokus på ei økonomisk konsekvensutgreiing, og/eller sak om tilleggsføringar i budsjettet, for det som gjeld moglege kostnader knytta til kontanttilskotet til tilsette over 62 år. Dette tyder på at punktet med innføring av eit kontanttillegg på kr. 10.000,- til alle over 62 år ikkje var tilstrekkeleg utgreidd i høve økonomiske konsekvensar for Gaular kommune ved å vedta innføring av ei slik ordning. Dei økonomiske konsekvensane av å gjere det vedtak Gaular kommunestyre vart invitert til å gjere den 26.06.09, burde etter revisjonen si oppfatning

vore meir framtona i saka som blei førelagt dei styrande organ, ved å innføre og å vedta ei slik ordning. Spørsmålet i ettertid er om det er korrekt at den/dei denne ordninga faktisk gjalt og var retta imot, og dei godene Gaular kommunestyre gjennom sitt vedtak skulle gje til alle tilsette over 62 år, frå 01.08.09, er den/dei som skal 'betale' for at avsette budsjettmidlar ikkje var i tråd med retningslinjene som vart trekt opp og faktisk og reelt vedtekne i livsfaseplanen. Revisor har ikkje gått inn i dette for å få fram kor mange personar dette eventuelt skulle gjelde for, og kva økonomi/budsjettmidlar ein her faktisk hadde å gjere med. Under førebuing av saka låg det føre framlegg frå rådmannen om at det vart avsett kr. 270.000,- til gjennomføring av alle tiltaka i lovsfaseplanen, medan dei folkevalde strauk kr. 120.000,- av desse, og avsette kun kr. 150.000,- til alle tiltaka i planen. Løyvde budsjettmidlar frå die folkevalde si sdie stod såleis ikkje i stil med dei økonomiske konsekvensar som planen la opp til og som vart fremja av rådmannen. (ref. saksutgreiing i sak 09/307, og det som er nemnt i e-post frå kontor- og personalsjefen, sendt revisor 25.05.11).

Gjennom vårt arbeid er vi kjend med at det er kome fram at det er fleire tilsette som har kome inn under ordninga, som ikkje har fått utbetalt det kontanttillegg som dei folkevalde har bestemt dei skulle ha, for den perioden ordninga faktisk var innført. Det er fleire som har sendt inn skriftleg søknad, men fått avslag om midlar i tråd med det regelverket som Gaular kommunestyre innført frå 01.08.09. Av einskildsak ser ein at avslag om kontantutbetaling av kr. 10.000,- vert begrunna med økonomiske utfordringar i kommunen. Revisjonen viser til den tilbakemelding som ligg føre frå rådmann og kontor- og personalsjef. Det vert også vist til rådmannen sin korrespondansen med Utdanningsforbundet i Gaular.

### Sakshandsaming

Det må seiast å vere kritikkverdig at tilsette må sende fleire brev/skriv til kommunen, utan at dette vert svara på innan rimeleg tid, og utan at innsende klagesaker ikkje får si politiske handsaming. Det er i direkte strid med forvaltningslova sine bestemmelsar; jfr. § 11 a., at svar uteblir på skriftlege henvendingar. Vi velger å sitere forvaltningslova § 11 a., som lyder slik:

(Sitat:)

*“Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold. Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløbig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kann behandles tidligere, og såvidt mulig angis når svar kann ventes. Foreløbig svar kann unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig. I saker som gjelder enkeltvedtak skal det gis foreløbig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kann besvares i løpet av en måned etterat den er mottatt.”* (sitat slutt)

### 6. Oppsummering

Det er revisor si oppfatning at ved å etablere og å vedtak livsfaseplanen så var dette eit tiltak for å ivareta bl.a. seniorpolitikken ovefor tilsette i Gaular kommune. Innhaldet i planen innebar ei rekke tiltak som det var ei meining bak, ved å gjere det Gaular kommunestyre gjorde vedtak om i sak 26.06.09. Det var også ei meing bak det å ta bort ordninga etter nytt vedtak i kommunestyret 24.06.10, når ein såg rekkevidden av die økonomiske konsekvensane av den ordninga som vart innført.

Det er eit faktum at det er Gaular Kommunestyret som innført ordninga frå 01.08.09 og som tok ordninga med kr. 10.000,- bort frå og med vedtaket i kommunestyret den 24.06.2010.

Dei politiske sidene ved dette vil ikkje revisjonen uttale seg om.



## 7. Anbefalingar

1.

Det er vår anbefaling at dersom Kontrollutvalet skal vidareføre denne saka, så bør den fremjast overfor Kommunestyret, som sjølv må ta stilling til om det som er gjort, er i tråd med dei føresetnader og intensjonar som kommunestyret sjølv la inn i saka, for den perioden kontanttilskotet på kr. 10.000,- faktisk var gjeldande for dei 62 +åringane som stod i stillingane då ordninga var gjeldande, slik at ein får rydda opp i dette gjennom eit politisk vedtak slik eller slik.

2.

Det er også vår anbefaling at kommunen får kvalitetssikra sakshandsamingsrutinane sine slik at kommunen gjev skriftleg svar på skriftlege henvendingar i tråd med forvaltningslova § 11 a.

-----

### Høyringsrunde:

Før vi har avlevert endeleg revisjonsrapport i saka, fann vi det korrekt at rådmannen fekk anledning til å uttale seg til det utkast som låg føre. Dette for å rydde unna moglege feil, manglar og mistydingar som vi måtte ha skrive i rapportutkastet. Avhengig av form og innhald av rådmannen sitt tilsvaer, la vi opp til å vurdere å ta dette inn som vedlegg, evt. at vi korrigererte/retta det som vert påpeika frå rådmannen si side. Tilsvaer ligg føre 09.11.11, i tråd med fristen.

Slik tilbakemeldinga ligg føre har vi ikkje retta noko i rapporten, men vi har valgt å legge ved rådmannen si tilbake i e-post av 09.11.11.; som vedlegg nr. 1 til denne endelege rapport..

Rapporten vert oversendt Kontrollutvalet i Gaular som svar på tinging av 06.04.11.

Florø den 11. november 2011

**Kommunerevisjonen**  
**Ultrabagn og Sunnfjord**  
 Telefon 487, 6801 Førde

  
 Terje Førde  
 Dagleg leiar/Revisjonssjefsjet

### Vedlegg:

Tilbakemelding frå rådmannen i e-post 09.11.11, vedlegg nr. 1

Tingingsdokument av 06.04.11

Utskrift av sak 014/11 i Kontrollutvalet i Gaular 29.03.11

Brev av 19.03.11 sendt til Kontrollutvalet i Gaular

E-post av 18.05.11 frå revisjonssjef Terje Førde til rådmann Helge Følid

Svar i e-post av 24.05.11 frå rådmannen til revisor

E-post av 25.05.11 frå kontor- og personalsjef m/vedlegg

## Førde Terje

---

**Fra:** Ripe Dag Kåre  
**Sendt:** 9. november 2011 15:02  
**Til:** Førde Terje  
**Kopi:** Følid Helge  
**Emne:** SV: Førebels revisjonsrapport livsfaseplanen

Hei !

Viser til Dykkar epost sendt til rådmannen 24.10.11.

Førebels revisjonsrapport livsfaseplanen - Tilbakemelding frå rådmannen:

Legg for sikkerhetsskuld ved vedtak fatta i Formannskapet den 09.06.11. (Eg tek for gitt at vedtaket er kjent for Dykk):

### Handsaming i Formannskapet 09.06.2011:

Rådmannen gjekk frå som ugild under handsaminga av denne saka (kommunelova §40 nr 3).

Klagen vert ikkje imøtekommen.

Formannskapet viser til punktet om økonomiske føresetnader for å gjennomføre Livsfaseplanen.

Tiltaket som er omsøkt var ikkje oppbudsjettert i Gaular kommune.

Samrøystes vedteke.

### **FS-069/11 Vedtak:**

Klagen vert ikkje imøtekommen.

Formannskapet viser til punktet om økonomiske føresetnader for å gjennomføre Livsfaseplanen.

Tiltaket som er omsøkt var ikkje oppbudsjettert i Gaular kommune.

Rådmannen har ikkje merknader til dei faktiske tilhøva som er omtalt i førebels revisjonsrapport.

Dei faktiske tilhøva som er beskreve, samsvarer med dei tilbakemeldingar rådmannen og kontor- og personalsjef gav i post datert 25.05.11.

I denne eposten tilkjennegav rådmannen at ein grunna tidspress og andre uheldige omstende, i denne saka hadde brote forvaltningslova §11, når det gjaldt svar på skriftlege henvendingar. Rådmannen bemerka her at det i denne saka hadde vore fortløpande muntleg dialog med den tilsette dette gjeld om saka, over lengre tid. Dette formildar sjølvstilt ikkje brot på forvaltningslova §11 i saka.

### Vedr. utbetaling av tilskot:

Utover dei 3 som fekk avslag på utbetaling av tilskot, har det i perioden ordninga gjaldt, ikkje komme fleire krav om dette.

Derimot har mange tilsette over 62 år nytta seg av uttak av den 7. ferieveke, sidan dette tiltaket vart innført.

Spørsmålet er om dei som retta krav i perioden ordninga med kr. 10.000,- gjaldt, har rett på å få dette utbetalt eller ikkje ?

Skulle ein sei at alle tilsette over 62 år må få utbetalt dette i perioden, ville det medføre at ein måtte trekke dei i løn for uttak av 7. ferieveke.

Det er også her uråd å seie kor mange som ville valt kontantutbetaling eller ekstra ferieveke.

Kort oppsummert har rådmannen 2 merknader. Desse går på at det i rapporten burde komme klarare fram at:

- det har vore ein fortløpande muntleg dialog med klagar over lengre tid, både før søknad og før klage på avslag. (Den tilsette var lokalisert på Kommunehuset, ei avdeling ved sidan av rådmannen).
- avslag på kr. 10.000,- pr. år kjem som ein konsekvens av at kommunestyret reduserte løyvinga, og at det dermed ikkje var midlar til å dekke kostnadane med ordninga.

Ellers så vil rådmannen på nytt vise til siste avsnitt sendt dykk i svar datert 25.05.11:

Etter å ha utarbeidd eit godt personalpolitisk dokument som er meint til å legge tilhøva betre til rette for alle som har særskilte utfordringar i høve til dei ulike livsfasar, er vi dei første til å beklage at vi ikkje hadde høve til å sette inn nok midlar til å finansiere alle tiltaka i planen. Ein ser sjølvstilt i ettertid at mykje frustrasjon kunne vore spart om tiltaket aldri hadde vore foreslått, når den økonomiske situasjonen utvikla seg til det verre.

Ta kontakt dersom spørsmål eller merknader.

Mvh

Helge Følid  
rådmann

Dag Ripe  
kontor-og personalsjef

---

**Fra:** Følid Helge  
**Sendt:** 25. oktober 2011 08:01  
**Til:** Ripe Dag Kåre  
**Emne:** VS: Førebels revisjonsrapport livsfaseplanen

---

**Fra:** Førde Terje  
**Sendt:** 24. oktober 2011 13:34  
**Til:** Følid Helge  
**Emne:** Førebels revisjonsrapport livsfaseplanen

Hei.

ser til tidlegare korrespondanse vedr. tinga 'ettersyn' frå Kontrollutvalet vedr. livsfaseplanen. Vedlagt følgjer vår utarbeidd rapport.

For å rydde unna eventuelle feil, manglar og mistydingar sender vi over utkast til rapport, som vi tør be om å få tilbakemelding på.

Som du ser av rapportutkastet har vi gjort dette forholdsvis enkelt, ved at vi ikkje har nytta revisjonsstandarden for forvaltningsrevisjon ('RKS001 Standard for forvaltningsrevisjon'), med oppstartsmøter, utarbeiding av revisjonskriteria, osv.

Rapportutkastet er stila til kontrollutvalet, med kopi til rådmann og ordførar.

Vi sender over førebels rapport på høyring kun til rådmannen no. Dei andre er ikkje involvert på dette stadiet, sjølv om det ser ut som om førebels er gått til KU, med kopi til rådmann og ordførar. Dei har ikkje fått kopi av det som no ligg føre.

Alle vedlegg som er opplista i førebels rapport, vil sjølvstilt følgje med endeleg rapportering.

Eg håper det er ok å kommunisere dette pr. mail.

Vi sender førebels rapport over til rådmannen, der vi har sett ein tilbakemeldingsfrist til 09.11.11, og håper fristen kan overholdast. De må gjerne gje ei tilbakemelding før den tid, om det er mogleg.

mvh

Terje Førde

Dagleg leiar/ revisjonssjef

Mobil: 99229227

E-post: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gutten, Hornindal, Hyllestad, Jalster, Nausdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

KONTROLLUTVALG  
Førde Sagst og Sunnfjord  
KRYSS-REVISJON  
110411  
Stryn  
Eid  
Fjaler  
Flora  
Gaular  
Gløppen  
Hornindal  
Hyllestad  
Jalster  
Nausdal  
Solund

Ikkje offentleg ofl § 13.

Førde, 06.04.2011

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Jnr.: 181/11

Arkiv: Gaular

## TINGING UNDERSØKING GAULAR KOMMUNE – ETTERLEVING KOMMUNESTYREVEDTAK 24/09 LIVSFASEPLAN SENIORFASE 55+ TILTAK 8

Kontrollutvalet i Gaular vedtok i kontrollutvalsmøte 29.03.2011 i sak 014/11 "Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk" at det skal gjennomførast undersøking for å vurdere om vedtaket i kommunestyresak 024/09 "Livsfaseplan Seniorfase 55+ tiltak 8" er etterlevd.

Kommunestyrevedtaket er gjort 26.06.2009 og lyder såleis: "Kontant utbetaling for tilsette over 62 år med kr. 10.000,- pr år/Alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år"

Det er gjort nytt vedtak om tilsvarande sak i kommunestyresak 020/10 24.06.2010 og vedtaket lyder då såleis: "Tilsette kan frå 62 år få tilbod om ei ekstra ferieveke kvart år."


Vi ber etter dette KRYSS-revisjon vurdere om vedtak i kommunestyresak 024/09 Livsfaseplan Seniorfase 55+ tiltak 8 er etterlevd.

Kontrollutvalet har valt å tinge undersøkinga etter at det har kome oppmoding om å sjå på rådmannen sin lojalitet til kommunestyrevedtak frå tidlegare tilsett som meiner han ikkje har fått utbetaling i samsvar med nemnte kommunestyrevedtak.

Vedlagt følgjer dei dokument Sekom-sekretariat har i saka.

Vi ber om tilbakemelding på kva tid rapport for undersøkinga kan leverast.

For kontrollutvalet

  
Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Vedlegg

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2012	05/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

## Gaular kommunestyre

### ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gaular kommune har i år 2011 vore samansett slik:

#### Perioden 1. januar – 6. oktober 2011:

Medlemer:

Svein Myrmel (leiar)

Magnar Hellebust

Aud Ingunn Kvile (Reidun Skudal Amundsen 1. halvår)

Per Lien

Heidi Vallestad

Varamedlemer:

Steinar Ness

Gunnar Råheim

Joar Kirketeig

Mette Grytten

#### Perioden 6. oktober – 31. desember 2011:

Medlemer:

Magnar Hellebust (leiar)

Aud Lunde

Jarl Tyssekvam

Hanne Sofie Sæterlid

Laila Oppedal

Varamedlemer:

Terje Vallestad

Lars Egil Viken

Karl Kristian Myrmel

Sylvi Hoff Brakestad

Unni Gjerland Lervik

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Gaular hatt fire møte der det er handsama i alt 29 saker. Kontrollutvalet har i 2011 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «»Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune». Kontrollutvalet har også tinga overordna analyse, som skal vere grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon i valperioden.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Skule- og kulturetaten i Gaular.
- Teknisk sektor i Gaular.

Kontrollutvalet har også bede om orientering om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim. Denne vil skje i første møte i kontrollutvalet i 2012.

I 2011 handsama kontrollutvalet sak om endring av økonomireglementet, og tilrår at dette vert endra, slik at det går fram av det at avslutta prosjektrekneskapar skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. Kontrollutvalet har også tilrådd for kommunestyret å gjere vedtak om at sluttrapportar og prosjektrekneskapar for avslutta investeringsprosjekt vert lagde fram i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune.

Kontrollutvalet har handsama sak med oppmoding om å ta opp sak om kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk er følgt og oppmoding om å ta opp sak om å delta i lønsforhandlingane for 2010. I førstnemnde sak er det tinga undersøking frå revisor. Rapport vil bli lagt fram i første møte i kontrollutvalet i 2012. Den andre førespurnaden valte kontrollutvalet å ikkje ta til følgje.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har også handsama sak om Forum for Kontroll og Tilsyn kan få leggja forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontrollar vedrørande Gaular kommune ut på heimesida si. Kontrollutvalet gav aksept for dette.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. Kontrollutvalet er også meldt på til seminar med innhald; rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet deltok også i folkevaldopplæringa til Gaular kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama «Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap», «Møteplan for kontrollutvalet 2011», «Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet» og «Årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Gaular den 1. februar 2012

Magnar Hellebust  
Leiar

Aud Lunde  
Nestleiar

Jarl Tyssekvam

Hanne Sofie Sæterlid

Terje Vallestad

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 006/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

### Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2012 vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2012.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GAULAR KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		1			15					25		4
FORMANNSKAP	30	29	27	24	25	11		24	18	23	6	18
KOMMUNESTYRE		16		10		28				2	6	13

## 007/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2012	007/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Gaular.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - GAULAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.01.2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 1-2012 - Gaular.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingingsdokument	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.
024/11 Skriv og meldingar	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: - Skriv og melding 19-11 E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – "Sak for kontrollutvalet", datert 17. juni 2011 vert løfta opp som eiga sak. - Skriv og meldingar vert ellers tekne til vitande.
025/11 Opplæring	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om å bli invitert til opplæringa av folkevalte i Gaular kommune. - Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei i slutten av januar 2012.
026/11 Budsjett for kontroll og tilsyn.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Budsjett vedteke. 26.10.11 Budsjett sendt til Gaular kommune.
027/11 Oppfølgingsliste.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Teken til vitande.
028/11 Eventuelt.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Ikkje teke opp saker.
029/11 Orientering – ferievikarordning ved Gaular Bygde og sjukeheim.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om ferievikarordning ved Gaular bygde og sjukeheim. 26.10.11 Sendt brev til rådmann vedrørende orientering.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.			
002/12 Skriv og meldingar			
003/12 Orientering om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim			
004/12 Revisjonsrapport «Etterleving av kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan 62 år + tiltak 8.			



005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet			
006/12 Møteplan 2012 for kontrollutvalet.			
007/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Gaular			
008/12 Eventuelt			

Oppdatert 24.01.12

## 008/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat  
Dato: 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.